



Referat styremøte HSG 3. Februar 2014

Stad: Nortura Eidsvåg

Til stade: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Steinar Steine, Egil Øvstebø og Anita Jordalen.
Per Martin Vatna meldte forfall.

Tore Atle Sørheim møtte frå avlsutvalet.

Ola Steinsland frå valnemnda og Audun Seilen frå gjetarhundnemnda hadde meldt forfall.

Sak 01/14 Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkalling godkjent.

Sak 02/14 Godkjenning av referat frå styremøte 16.12.13.

Vedtak: Godkjent med kommentar: Sak nr. frå tidlegare styremøte var i "utak" men nå retta opp.

Sak 03/14 Orienteringssaker

- Saueprosjekter Ny Giv. v/Reidar Kallestad

Reidar orienterte om aktiviteten i Ny Giv. Det skal vara 5 møter i februar som har tema økonomi og ein byggdag 15. mars i Kvam. Program for 15. mars er planlagt i lag med Kvam Sau og Geit.

Aktivitet etter sommaren blir planlagt på neste møte i Ny Giv. Sjå heimesida til HSG for meir detaljert program. <http://www.nsg.no/hordaland/>

- Medlemsverving v/Anita Jordalen

Anita har hatt kontakt med dei fleste lokallaga om medlemsverving. Mange lokallag er godt i gang og per dato er Etne det lokallaget som har fått flest nye medlemmer. Det blir premiering for beste vervar og beste lokallag under årsmøtet.

- Sauekurs v/Reidar Kallestad

HSG har arbeidet med og få til sauekura denne våren og. Det viser seg og vara vanskeleg og få til kurs i mars, då det er stor aktivitet elles i landbruket. Styret har difor bestemt at "Sauekurset" 2014 blir halde i lag med leiarsamlinga til HSG på Solstrand Hotell 24. – 26. oktober. (Meir info kjem seinare.)

- **Faktur til Island v/ Nils Inge Hitland**
HSG skal arrangera faktur til Island 23. – 30. juli.
HSG har hatt ein forhandspåmelding, til nå har 40 personar meldt sin interesse for turen. Nils Inge har kontakt med reiseselskapet for vidare arbeid. Følg med på heimesida for meir info. <http://www.nsg.no/hordaland/>
- **Vedlegg. Invitasjon til møte frå Hordaland Bondelag 05.02.14.**
HSG har fått invitasjon Hordaland og Sogn & Fjordane Bondelag til felles drøftingar føre årets jordbruksforhandlingar. Reidar og Nils Inge møter.
- **Innspel til jordbruksforhandlingane v/Reidar Kallestad**
Styret i HSG har bedt lokallaga komma med innspel til jordbruksforhandlingane. Det var ikkje komet inn forslag frå lokallaga. Reidar orienterte om invitasjonen til fellesmøte i Bondelaget.
- **Digitalt system for informasjonsflyt v/Karluf Håkull**
Karluf har undersøkt bruk av digitale systemet. Det er opptil HSG å kjøpe tenester av slike systemer. Det kan vara fleire aktuelle leverandørar. Det som kan bil den største jobben er å få alle mobile tlf. nr. registrert i eine base. NSG arbeider med ny medlemsbasen og då må tlf. nr. blir i del av informasjonen. HSG tek dette opp med NSG.
- **Nytt frå NSG v/Nils Inge Hitland**
Stikkord- Krokan-dommen sjå: <http://www.nsg.no/>
Nytt Gjetarhundråd, Audun Seilen er ny leiar i Region Vest
- **Avlsutval, Beiteutval, og gjetarhundnemnd v/Nils Inge Hitland**
Styret har sendt ut forespørsel til vereringar og lokallaga om innspel til aktuelle kandidatar til utval/nemndene.
Det er komet tilbakemeldingar om at ein vil vita om dei som i dag har verv i utval/nemnder tek attval. Når dette er gjennomført sender styret ut informasjon. Styret gjer val på utval/nemnder etter årsmøtet.
- **Deltaking på årsmøta i lokallaga v/Nils Inge Hitland**
Nils Inge deltek på årsmøta til Sotra, Vaksdal og Ulvik Sau og Geit. Karluf: Etne, Voss og Bergen/ Os Sau og Geit

Sak 04/14 Årsmøte 2014

Vedtak: Årsmøtet i Hordaland Sau og Geit 28. februar og 1. mars på Hotel Ullensvang.

Leiar i NSG Tone Våg har takka ja til og komma til årsmøte i HSG.

Medlemsverving vil og vara eit sentralt tema under årsmøte.

Program og påmelding blir sendt ut straks

Sak 05/14 Rekneskap 2013

Vedtak: Nils Inge gjekk gjennom rekneskapen for 2013.

Det ville vert ein fordel om Styret hadde fått oversikt over rekneskapen kvart kvartal. Styre ber Voss Rekneskap om å sende rekneskapen for kvart kvartal.

Sak 06/14 Budsjett 2014

Vedtak: Styremøte utarbeider budsjett for 2014 på neste styremøte (veke 7)

Sak 07/14 Ymse

- **Brev frå Sveio Sau og Geit, utnemning av Æresmedlemmer i lokallaget**
HSG støtter forslaget frå Sveio Sau og Geit

- **Invitasjon til årsmøte Rogaland Sau og Geit**
Leiar Nils Inge Hitland reiser til Rogaland

- **Innspel frå leiar i avlsutvalet Tore Atle Sørheim:**
Kan avlsutvalet gå til bake til 2 medlemmer frå HSG. HSG utvida avlsutvalet til 3 medlemmer når Seminstasjonen på Blindheim vert oppretta.
Styret tek stilling til spørsmålet etter årsmøtet.

- **Presisering:**
Alle lokallag må sende eventuelle endringar lokallagsstyra etter årsmøta med tlf. nr. og eventuell nye e- postadresser til HSG.

Ref.

Karluf Håkull